



S/Y Petrell

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/842 - 19/15800

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2019

Svar vedk avklaringar til Strandvegen 67 - gbnr 188/135 Gjervik ytre

Parkering og høve til å kunne snu på eiga tomt er eit av krava som må vere innfridd om ein skal få avkøyringsløyve. Dette skal dokumenterast ved å sende inn målestokkriktige teikningar som syner at dette er mogleg å få til. Det er krav om at ein eigedom skal ha 2 parkeringsplassar pr. bueining.

Etablering av mur og parkeringsplass er søknadsppliktige tiltak som må vere godkjent av byggesak. Det må difor ligge føre godkjente målesette teikningar. Me kan ikkje sjå at det er sendt inn nye og oppdaterte teikningar i verken vegsaka eller byggesaka.

Avkøyrsla som i dag er nytta er ikkje opprinneleg avkøyrslе til eigedommen, men vart etablert som snuhammar for den kommunale vegen då renseanlegget vart etablert på starten av 2000-talet. Nabomuren er godkjent av byggesak i mai 2000 og skulle etablerast i samsvar med gjeldande regelverk. Den er bygga etter at snuhammar var etablert. Det ligg føre signert avtale med tidlegare eigar av gbnr 188/135 og eigar av gbnr 188/367 om at mur kan setjast opp i eigedomsgrensa. Siktkrava til ei avkøyrslе er absolutte. Krava til sikt er vist til i tidlegare sakshandsaming.

Vegavdelinga set krav og godkjenner i samsvar med veglova. Ny søknad om utvida bruk kan sendast inn når ein har teikningar som kan høve til å vise til fylgjande krav:

- Det vart etter synfaring sett krav til sikt både opp- og nedover den kommunale vegen. Siktkrava for fartsgrensesone 30km/ er 3mx20m og hindingar i siktsona skal ikkje vere høgare enn 0,5m. Oppover vart det avtala at slik sikt kan oppnås ved at naboen byter ut det tette plankegjerdet med flettverksgjerde eller anna nettinggjerde på topp av mur. Dette kravet om sikt er absolutt. Alternative tiltak for sikt vil ikkje bli godkjent.
- Det krav til parkering for 2 bilar pr. bueining og at ein skal kunne snu på eiga tomt. Det må difor sendast inn målesette teikningar som viser til at det er mogleg å få til godkjent etablert parkeringsplass til 4 bilar og at ein samstundes skal kunne snu på eigen tomt.
- Vegavdelinga gir ikkje løyve til 2 avkøyrslеr til ein eigedom. Dette er eit generelt krav og det er fleire ulovleg etablerte avkøyrslеr nr 2 i kommunen som har blitt stengt.



Når det gjeld mur ned mot nausta vart me einige om, slik du skriv, at denne skulle etablerast i høgde med rota på lyktestolpe. Eit gjennomsiktig gjerde gjeld innanfor siktsoma på 3mx30m.

Vegavdelinga kan ikkje ta stilling til bygging av garasje, ei slik godkjenning må foreligge hos byggesak.

Avventer ny søknad om avkøyringsløyve som viser til at krava er oppfylt.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesak
Byggesak

Mottakarar:

S/Y Petrell